Endeleg Stordal-seier igjen

Bidrag fra John Øie
onsdag 16. juni 2010
Sist oppdatert torsdag 17. juni 2010

Stordal er for lengst hekta av i tetstriden i 5.divisjon, etter berre ein seier på siste seks forsøk. På tre effektive minutt rett etter pause avgjorde Stordal kampen med 3 mål mot Giske. Brødrene Petter Aksel (3) og Thomas (2) Kirkebøe scora for Stordal i 5-3 kampen . I ein anna kamp onsdag mosa Hessa Lepsøy med 14-2!

5.divisjon

Stordal - Giske 5 - 3 (1 - 1)

Kirkebø stadion, kgb

50 tilskodarar

Mål:

0 - 1 (34) Audun Giske

1 - 1 (42) Thomas Kirkebøe

2 - 1 (51) Petter Aksel Kirkebøe

3 - 1 (53) Petter Aksel Kirkebøe

4 - 1 (54) Thomas Kirkebøe

4 - 2 (55) Joakim Giske

5 - 2 (63) Petter Aksel Kirkebøe

5 - 3 (69) Daniel Giske

Dommar: Norvald Lausund, Lepsøy

Stordal: Adrian Nakken, Lars Eivind Joranger, Sondre Nygård Øvrebust, Hans Martin Homlong, Kristoffer Joranger, Thomas Kirkebøe, Geir Marius Øie, Robin Aasen, Andreas Kirkebøe, Kenneth Søvik og Petter Aksel Kirkebøe.

Også nytta: Kenneth Skrede, Trygve Morkemo og Ola Grønningsæter

Petter Aksel

Thomas

Robin

Sleit

Mange hadde venta "lett match" mot bortesvake Giske. Men, Stordal greidde aldri å riste av seg øylaget, verken i banespel eller i målprotokollen. Enormt med persolege feil på begge sider gjorde dette til ein rotekamp.

To svært ujamne lag boltra seg kun på Giske sin banedel dei første 15 minutta, før gjestane etterkvart fann ut at det var fullt muleg å kome på høgde med dei gulkledde. Utover i 1. omgang overtok faktisk Giske initiativet i kampen, vann bortimot alt av duellar - før dei etterkvart også kom seg til sjansar. For tredje gong (på fire heimekampar) skuffa Stordal stort i den siste halvdelen før pause.

Audun Giske let seg ikkje be to gongar då han tok vare på gratissjansen (etter rufsete forsvarsspel) etter ein drøy halvtime. Dermed 1-0 til bortelaget.

Rett før pause kvitterte Thomas etter ei flott pasning frå arbeidsjernet Robin. Dermed gjekk laga til pause på 1-1.

Kirkebø-show og pangstart

Som i første omgang åpna Stordal friskt også etter pause. Berre med den forskjellen at no var gultrøyene effektive. Svært effektive. På 3 minutt var stillinga blitt til 4-1, takka vere tre svært flotte mål.

Petter Aksel beina inn den første etter flott regi og innlegg frå linja ved Thomas. To minutt seinare var vi truleg vitne til årets mål på Kirkebø. Andreas serverte corneren som "Pat" traff perfekt på volley og plasserte opp i hjørnet. .

To minutt seinare serverte "Andy" endå ein flott corner. No var det lillebror Thomas som fekk vist fram skuddfoten. Den knallharde susaren frå 20 meter var truleg borti ein Giske-spelar før den susa inn borte ved stolpen.

Sjølv etter den flotte starten greidde Stordal aldri "å drepe" kampen. 40 sekund etter 4-1 innviterte heimelaget Giske inn igjen i kampen - og serverte øylaget endå ei redusering etter slett (mangelfullt) forsvarspel. Joakim Giske takka og bukka.

Petter Aksel auka seinare til 5-2 med sitt tredje for kvelden. Også no svara Giske raskt, ved Daniel Giske.

Sjølv om Stordal på ein måte hadde kontroll på kampen skapte Giske urovekkande mykje bryderi for dei gule.

Offside-orgie

Utover i kampen blei det svært mykje syting på dømminga - og mange frispark. Som alltid er det vanskeleg for dommaren, når han ikkje har "hjelp" på linja, berre frå tribuna...

Sjølv om eit par av avblåsingane truleg var feil, er vi faktisk enig med dommar Lausund i dei 20 andre offside-situasjonane!

- Men, godt gjort likevel, Kenneth å gå i same fella seks gongar på fem minutt.... Tenk om du hadde venta eit lite sekund ekstra.

PS!

Dommaren kunne ha brukt det gule fleire gongar denne kvelden, men let kortet ligge. Situasjonen få minutt før full tid der ein Stordal-spelar sender ein Giske-spelar ut på løpebana kvalifiserer vel til raudt?

- Uansett er slike episodar totalt unødvendig!

Endeleg seier

Etter ein mager poengfangst fram til no i sesongen, var dei 3 poenga mot Giske uansett viktig. Mot betre lag må likevel innsatsen - og duellviljen - opp fleire hakk. I dei to neste kampane er det HaNo og Emblem som gjestar Kirkebø.